



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 27.11.2018
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
037/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
038/2018	Godkjenning av møtebok
039/2018	Referatsaker
040/2018	Orienteringssaker
041/2018	Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

Notat frå møtet:

037/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

038/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Ann Jorunn Farestveit: Ynskjer å protokollføre at ugildskap vart diskutert i forkant av formannskapet si handsaming av kommunen sin uttale til NVE om nasjonal ramme for vindkraft. Formannskapet sluttar seg til denne protokollmerknaden.

Vedtak:

Møtebok vert godkjend med protokolltilførsel frå Ann Jorunn Farestveit

039/2018: Referatsaker

Behandling:

Kristin Nåmdal erklærte seg ugild i referatsaka om selskapskontrollen av Modalen Næringsbygg. Trer i frå når rapporten frå selskapskontrollen vert referert/gjennomgått.

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

040/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Ingen orienteringssaker

Vedtak:

041/2018: Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

Behandling:

Økonomisjef og rådmann orienterte om innhaldet i budsjett og økonomiplan, og svara på spørsmål. Teknisk sjef orienterte om investeringsprosjekta i budsjett og økonomiplan, og svara på spørsmål.

Drøfting ang auke til makspris barnehage:

- Kjetil Eikefet: Vil heller leggje på 3-400 kr frå januar i staden for makspris frå august.
- Kristin Nåmdal: Vil ikkje spare på barnehageområdet ved å auke til makspris. Akseptere lågare resultat
- Rådmannen: Det er mogleg å ta bort kutt på barnehage utan å krevje tilsvarende kutt andre stadar.
- Ordførar: Er det mogleg å auke til makspris, men samstundes ikkje krevje matpengar i tillegg?
- Rådmannen: Dette må vi undersøkje konsekvensane av før administrasjonen kan gje eit tydeleg svar. Å ta bort matpengane kan ha konsekvensar i forhold til inntekter frå familiar frå andre kommunar som kjøper plass i Modalen.
- Formannskapet konkluderer at ein vil drøfte saka vidare i kommunestyret, for der å ta endeleg avgjerd i saka.

Vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2019-2022 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett- og økonomiplandokumentet.
2. Eigedomsskatt 2019:
 - a. For eigedomsskatteåret 2019 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd
 - c. Eigedomsskatten for 2019 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
 - e. Det skal utførast ny alminneleg taksering 2019

3. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 000 000 for 2019. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.
 4. Låneopptak til finansieringa av investeringar 2019 vert fastsett til kr 7 500 000 for 2019. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.
 5. Betalingssatsar for 2019 vert, med unntak av betalingssatsar for barnehage, vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – Betaling for kommunale tenester 2019. Betalingssatsane for barnehage vert fastsett og vedteke i kommunestyremøtet 13. des 2018
-